

Til
Samnanger Kommune
v/ordfører Knut Harald Frøland

14.02.2019

Fra
Monica Tjønnå
Sp

Interpellasjon til kommunestyremøte 21.02.2019, Avviksmeldinger

Eg tok opp tema avviksmeldingar i utvalets kvarter på formannskapsmøte 07.02.2019, og varsla at eg ville komme med ein interpellasjon til kommunestyremøtet 21.02.19.

For at kommunen skal utvikla seg og få innspel på kva som skal rettast på av store og små avvik er det viktig å setta fokus på dette. Gode leiarar syns avviksmeldingar er gull, nettopp fordi dei tek tempen på kva som må arbeidast med for å endra eller forbetra noko.

Leiarane har eit særskild ansvar for å følgja opp avviksmeldingar og vidare rapportera om desse, samt å oppfordra ansatte til å skriva avvik.

Ei avviksmelding, kan enklast, beskrivas som ei melding om ei uønska hending. Det er viktig at tilsette i kommunen føler seg trygge på at avviksmeldingar vert handtert på ein god og forsvarleg måte, og at dette er noko vi vil ha oversikt over. Tilsette skal ha bekreftelse på motteke avviksmelding, og kva tiltak som vert iverksett slik at alle ser at det er vits i å senda inn avvik.

Førlag til vedtak:

- Alle tilsette i Samnanger kommune skal ha tilstrekkeleg opplæring og informasjon om korleis ein skriv avviksmeldingar.

Einingsleiarar må tilretteleggja for at avviksmeldingar kan skrivas i arbeidstida. Der elektronisk innsending er praktisk vanskeleg å gjennomføra må det vera tilgjengelege skjema i papirform på arbeidsplassen.

Avviksmeldinga skal minimum innehalde: navn på meldar, dato, kva avviket bestod av, meldaren sit førlag til tiltak.

Avvik må leverast i "postkasse" eller til einingsleiar seinast 5 dagar etter avviket.

- Leiar skal gje tilbakemelding til meldar om gjennomført tiltak eller tidsramme for når tiltak igangsettast seinast 5 dagar etter motteke avviksmelding.

**-Leiar rapporterer avviksmeldingane inn til Rådmann 1 gang pr måned.
Rådmann orienterar formannskapet og kommunestyre om oversikt over avviksmeldingar og gjennomførte tiltak.**

-Om einingsleiare og rådmann meiner motteke avvik er kategorisert som så alvorlege at det medfører fare for liv og helse, skal det opprettas sak om dette til formannskap og kommunestyre.

(Iverksetting av tiltak er då sjølvstøtt utført før saka kjem til fs/ks.)

Monica Tjønnå

Sp